

Saksprotokoll i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 30.11.2016

Fylkestrafikksikringsutvalet sette fram forslag til eit innstillingspunkt 3:

«Fylkestinget ber om at fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) får ei tilbakemelding om det er strakstiltak som kan gjennomførast no».

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1-2 vart samrøystes vedteke som innstilling til utval for miljø og samferdsel. Forslag til innstillingspunkt 3 vart samrøystes vedteke.

Innstilling til utval for miljø og samferdsel

1. Fylkestinget ser at det er utfordringar for trafikktryggleiken i dette krysset, og at det gjev grunnlag for opplevd utryggleik.
2. Utbetring av dette krysset kan vera aktuelt som eit prosjekt i ein eventuell revidert Askøyrapport, eller i eit framtidig Plan- og byggeprogram for Hordaland utanom Bergen.
3. Fylkestinget ber om at fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) får ei tilbakemelding om det er strakstiltak som kan gjennomførast no.